

BOKN BYGDABLAD


NR. 1 - FEBRUAR 1999 - ÅRG. 14



Mykje snø – s. 3



Fint besøk – s. 16



Pluss ein i minus to – s. 24



BOKN KOMMUNE

KJÆRE LESARAR!

Velkommen til ein ny årgang med Bokn Bygdablad – den 14. og siste i dette århundret. Bokn kommune har starta nedtellinga mot Tusenårsskiftet, noko du kan lesa meir om på side 8.

MED BYGDABLADET INN I ÅR 2000

Den varsla evalueringa av bladet pågår også, og det har kome fram fleire nye og gode tankar omkring produseringa av bladet. Det handlar om omdisponering av arbeidstida mi og ansvarleggjering av ressurspersonar. Fleire personar skal vera med og produsera bladet medan underteikna skal få meir tid til anna kulturarbeid. Reidar Alvestad og Linda Ognøy får ein bit av stillinga si til bygdabladarbeid, og førebels er elevar ved 9. og 10. klasse blitt oppfordra til å bli med i staben. Dette tilbodet, der det blir gitt eit honorar for stoff som blir brukt i bladet, vil også gå ut til vidaregåande elevar. Det er ikkje den beste tida for 10. klassingar no når det nærmar seg eksamen, men her ligg det mange ressursar. To av dei har denne gong skrive i frå den minnerike klasseturen dei hadde til London. Det er også 9. klassingar som har meldt interessa si. Dersom alt går som det skal, vil du få eit betre og meir variert blad framover!

FRIST FOR STOFF/VEKA BLADET KJEM UT

Det har vore eit problem for meg, og det har vore eit problem for lag og organisasjonar at fristar og datoar har blitt for diffuse. Me har prøvd fleire ting, men det meste har glidd ut. Det største problemet er stor pågang av stoff, ofte rett før det skal sendast til trykkeriet, svært aktuelt stoff som ikkje kan ligga til neste gong. No er det bestemt at den absolutte frist for levering av stoff er **den 1. i den mnd. bladet kjem ut**, slik at leveringsfrist for mars-utgåva blir 1. mars, same dato som "På kryss og tvers"-sidene. Stoff som kjem inn etter fristen blir uansett ikkje tatt med, så får heller bladet bli litt mindre enn det skulle ha vore.

Dette må gjerast dersom me skal kunne berekna når det kjem ut; i **slutten av andre veka i mnd.** – avhengig av antall sider som skal trykkast.

Det som me ikkje kan gjera noko me er sjukdom ved trykkeriet, noko som blei aktuelt denne gong og er årsaken til at dette bladet blei forsinka i forhold til andre veka denne mnd.

BYGDAREVYEN – TA KONTAKT, BLI MED!

Arvid Jøsang, Liv Vatnaland, Reidar Alvestad, Linda Ognøy, Olav Rossebø og underteikna er godt i gong med denne. Planen er at han skal ha premiere på hausten, og at det som vanleg er korpset som vil stå for innøving, arrangering og framføring – med venner

sjølvsgart. Det er mange scenetalenter blant boknarar, både blant dei som bur heime og dei utanbygds. Me har ikkje kontroll på alle, og på vegne av revygruppa vil eg be dei som er interesserte i å ta kontakt med ein av oss. Dette gjeld også viss du sit på ein god tekst eller har idéar og tankar på ting som kan eigna seg på ein bygda-revy!!!

LYRIKK

I Bygdabladet er det også rom for dikt og vise ord, ikkje berre for å fylla ut sidene, men fordi lyrikk er fint og gir ettertanke. Det er kunst som er skrive av **ein** person, og det er ekstra goy når me kan presentera noko som er laga av boknarar. Bygdabladet tar gjerne imot lyrikk frå lesarane, og eg nemner igjen at ein ikkje må ha namnet sitt på trykk. I dette bladet kan du lesa dikt laga av 9. klassingar. Dei har hatt lyrikk som emne i seks veker, og Bygdabladet har fått lov å bruka noko av det dei har produsert.

HUGS!!!

Inne i bladet blir du oppfordra til å røysta på det som skal bli Tusenårspllassen i kommunen, eller koma med ditt eige forslag. Me håpar på stor deltaking her, slik som ved dei tidlegare opne folkeavrøystingane om Kulturminnestafetten og Kommuneblomen.

1. mars er ikkje berre frist for innsending av "På kryss og tvers"-sidene og stoff til neste blad. Det er også datoен då Bokn får nytt postnummer. 5561 BOKN skal brukast av alle frå og med denne datoén.

- redaktøren -

VINTERFERIEN

*Eg vakna med is på tenna.
Ja! Det var snø på enga.
Eg gjorde klar skia,
for nå skulle eg gå i lia.*



*Eg hadde skulefri,
mens eg gjekk på ski.
Slapp lekser og mas,
og for rett inn i snoras!*

*Kom inn om kvelden,
Var trøtt som elden.
sov i senga,
mens det snøa på enga.*

Svenn Erik Grønnestad

BRÅTT KOM SNØEN TIL BOKN



av Tone Hognaland og Marie Vatnaland



Søndag 10.1.99 kom snøen, og mandag var det fullt kaos på Bokn. Bussane stod fast i grøfta, og elevar som er avhengige av buss kom seg ikkje til skulen den dagen, så elevtalet blei sterkt redusert.

Dei elevane i 1.-7. klasse som hadde klart å koma seg til skulen brukte mesteparten av dagen til å vera ute i snøen og kosa seg. Ungdomskulen hadde nokon timar ute og nokon inne.

Eftersom timane gjekk kom det eit par stykker til som hadde klart å koma seg til skulen privat. Ute var det fint ver og alle koste seg, men dei som hadde det best var nok dei som fekk fri ein dag pga. at bussen ikkje kunne koma og henta dei.



Bileta er tekne på skulen 1. snødag 1999, mandag 11.01.99

ØKONOMIPLAN FOR BOKN KOMMUNE 1999 TIL 2002

INVESTERINGSFØREMÅL	1 999	2 000	2 001	2 002
SERVICETORGET	100	0	0	0
EDB SENTRALADMINISTRASJONEN	150	200	50	50
EDB TIL SKULE/KURSBRUK	50	50	100	100
INNBU SKULEN	0	0	0	0
NY BARNEHAGE	500	2 500	0	0
VEDLIKEHALD KYRKJEBYGD	100	0	0	
NY LEIKEAPPARAT/FALLUNDERLAG I BARNEHAGEN	40	0	0	0
SKULEUTBYGGING	0	2 000	3 000	0
PASIENTROM SJUKESTOVA	20	20	10	10
AMBULANSE	50	100	100	20
EDB FORKONTOR/HELSESØSTER	200	0	0	0
TRYGDEBUSTADER	BLIR LAGT FRAM SOM EIGA SAK			
DAMPKOKAR SJUKESTOVA	0	65	0	0
NÄRMILJØANLEGG ALVESTAD/KVERNHUS	100	100	100	0
RIDEANLEGG	0	100	0	0
DIGITALT KARTVERK	135	0	0	0
KARTKOPIERINGSUTSTYR	40	0	0	0
SAKSBEHANDLINGSPROGRAM	20	0	0	0
TRYKKING BYGDEBOK (EIGA PROSJEKT)				
FORLENGING AV HOVUDLEDN.	220	0	500	500
FORBETRING RÅVATNKVAL.	0	0	0	0
RINGLEDNING SIKRINGA AV VASSFORS.	0	0	0	250
GJ.F. KLOAKKRAMMEPL. ALVESTAD	1 400	0	0	0
KLOAKKSANERING BOKNEBERG	500	450	0	0
KLOAKKRAMMEPL. FØRESVIK	50	0	0	0
KLOAKKSANERING STRAUMEN	0	0	0	300
KLOAKKSAN JØSENVÅGEN	0	0	0	300
SAMLESTASJON CONTAINER	30	0	0	0
BYGGEFELT AUSTRE BOKN	3 250	0	0	0
VEG TIL BOKNATUN	900	0	0	0
TRAFIKKSIKRING	0	0	0	0
UTSTYR BRANNKORPSET	20	0	0	0
AVSETNING BRANNBIL	0	0	0	800
UTBETRING KOMM. VEGAR	0	150	250	0
OLJEGRUSING KOMM. VEGAR	0	500	0	0
SUM INVESTERINGAR	7 875	6235	4110	2 330

FINANS. AV INVESTERINGA, DISPONERING

DRIFTSOVERSKOT KORR. FOR NYE KAP.	605	2 198	2 825	1 320
TILSKOTT	720	0	0	0
SAL AV BUSTADTOMTER	500	500	500	500
LÅNEOPPTAK	6 050	3 537	785	510
KOSTNADER MED NYE LÅNEOPPTAK	0	610	960	960

KOMMUNALE GEBYR 1999 I BOKN KOMMUNE

AVGIFTER TEKNISK SEKTOR	Auke i %	GEBYR 99
RENOVASJONSAVGIFT		
Årsavgift:		
Bustadeigedom	0 %	900,-
Hytteeigedom	0 %	515,-
VANNAVGIFT		
Tilknytningsavgift:		
Minsteavgift inntil 150 m ²	0 %	15.500,-
Avgift for areal utover dette pr. m ²	0 %	75,-
Årsavgift:		
Hus: Minsteavgift for innt. 250 m ³ forbruk	10%	1.740,-
Hytter: Minsteavgift forn innt. 125 m ³ forbr.	10%	860,-
Forbruk utover dette pr. m ³	10%	5,-
KLOAKKAVGIFT/SLAM		
Tilknytningsavgift:		
Minsteavgift (hus inntil 150 m ²)	0 %	15.500,-
Avgift for areal utover dette pr. m ²	0 %	28,-
Årsavgift:		
Hus, avrenning for inntil 250 m ³	5 %	1.320,-
Hytter, avrenning for inntil 125 m ³	5 %	650,-
Slam	0 %	440,-
Tomtepriser:		
Alvestad - pris pr. m ²		65,-
Føresvik - pris pr. m ²		44,-
Søknad om byggeløyve og kontr.	0 %	1.720,-
Søknad om frådeling av tomt	0 %	920,-
Beh. av priv. regul.pl./bebyggelsesplaner	0 %	2.860,-
Søknad om bruksendring	0 %	1.655,-
Utarbeiding av situasjonskart 0-2000m ²	0%	1.375,-
2000-	0 %	1.710,-
3000m ²	0 %	2.295,-
3000-5000m ²	0 %	2.295,-

HUSLEIGE KOMMUNALE BUSTADER

Ein viser til eige regulativ for husleier. Prisane blir justert i samsvar med prisindeksen.

AVGIFTER HELSE- OG SOSIAL	Auke i %	GEBYR 99
PRAKTIK HJELP I HEIMEN		
Inntil 2G	6 %	30,-
2G-3G	6 %	35,-
Over 3G	6 %	52,-
Maksimalt vederlag - utgiftstak		
Inntil 2G	0 %	600,-
2G-3G	0 %	6.000,-
Over 3G	0 %	9.000,-
Utgiftstaket skal fylgja dei maksimalsatsane som blir vedtatt av Stortinget.		
LEVERING AV VARM MAT	6 %	35,-
OPPHOLD VED SJUKESTOVA		
Døgnopphald	0 %	80,-
Kortidsopphald	0 %	40,-
Satsane skal fylgja dei maksimalsatsane som blir vedtatt av Stortinget.		
LEIGE PÅ TRYGGHETSALARMAR		
Eingangsgebyr	0	0
Leige pr. dag	0	0
Maks leige pr. år	0	0
HEIMESJUKEPLEIETENESTA	0	0

AVGIFTER BARNEHAGE	Auke i %	GEBYR 99
HALVDAGSBARNEHAGE		
To dagar		
Tre dagar		
Fem dagar		
HEILDAGSBARNEHAGE		
To dagar	3 %	1.060
Tre dagar	3 %	1.600
Fem dagar	3 %	2.660
SKULEFRITDSORDNINGA		
Foreldrebetaling		
Opningstid inntil 14 t/veke	10 %	440
Opningstid 15 t. og fleire pr. veke	10 %	770
MUSIKKSKULEN		
Einetimar (30 min./veke / 22.5 min./veke)	0 %	800/600
Instrumentalgrupper (90 min./veke)	0 %	600
Kor, leikarring, drama m.v. (90 min./v)	0 %	465
Aspirantopplæring	0 %	465
Instrumentleige pr. semester	0 %	215
Syskenmoderasjon		
Gis med 30% på den rimeligaste aktiviteten		



LOTTERI FOR REDD BARNA

Fv. Lillian R. Nemeth, Charlotte Kjellesvik, Janne Elin og Hanne Marte Vatnaland hadde lotteri i Foresvik to dagar første veka i februar.

Inne på kulturkontoret fortel dei at dette var noko dei fann på sjølv. Dei tok med pynteting, bøker, såper, handklede, klutar, m.m. og rigga seg til i kryset med Christiansen opp til Boknatun.

Mange, både bilistar og gåande, stoppa og tok lodd, og det kom inn kr. 400,- Pengane har dei sendt til *Redd Barna*.

Eit flott initiativ og eit flott resultat!



JUBILEUMSBOK FRÅ FRILUFTSRÅDET

I fjor runda Nord-Rogaland og Sunnhordland Friluftsråd 15 år. Det markerte dei med å gje ut boka *15 friluftspel*, som presenterer eit utval av friluftspel i rådet sine ti medlemskommunar.

Styreleiar Petter Steen seier i fororda sine at me som er så heldige å bu i Nord-Rogaland og Sunnhordland, har tilgang til nokre av dei flottaste naturområda som finst i landet vårt. Utan å dra for langt av stad kan me driva alle former for friluftsliv, anten det er på sjøen, i strandkanten, i skog og hei eller på høgfjellet.

Den 116 siders fargesprakande boka, som er meint å visa deg litt av det regionen vår har å by på, inneheld tre nydelege bilder av Ognahabn. Artikkelen om friluftsområdet på Ognøy er ikkje overraskande skrive av tidlegare kulturprisvinnar og styremedlem av Friluftsrådet, og ikkje minst Ognahabn-entusiast Eivind Øvrebo.

Blant dei 15 artiklane i boka kan du også lesa om kjende plassar som Olalia, Åkrasanden, Byheiane og Skjoldafjorden.

Friluftsliv er sunt for både kropp og sinn! Kom deg ut i naturen, men gå også på biblioteket. Der kan du låna denne flotte boka!

VINTERDIKT

*Snøen kommer
Regnet højer ned
Vinden blåser
Du følger med*

*Isen kommer
Skøytena på
Isen blir borte
Hva gjør jeg nå*

*Snø i øya
Håret blåser vekk
Snø i øra
Vinden blåser tett*

*Kulden uler
Jeg fryser
Kulden uler
Jeg nyser*

*Huset skjelver
Det er kaldt
Jorda skjelver
Dag og natt*

*Nyttår kommer
Bråk og fest
Snart sommer
Det er best*

*Vinden blåser kraftig
Snøen blåser ned
Men hvorfor er det aldri
Skolen som blåser ned*

Berit og Jeanette.

FORANDRINGAR PÅ BOKNATUN



Det tidlegare omtala "Servicetorget" byrjar no å ta form, og ein reknar me at folk kan flytta inn der til påske. I sjøve "torget" vil tre personar ha arbeidsplassen sin, men i dei gamle postlokala er det også plass til kulturkontor og landbruks/næringskonsulent-kontor.

Planar går ut på at ordførar, rådmann og seksjonssjefar skal kunna treffast i "Servicetorget" til faste tider kvar veke. Den kjende museumsbåten ute i inngangspartiet må finna seg ein annan plass å liggja når ekspedisjonsskranken skal på plass. Om orgelet på motsett side også må bort gjenstår å sjå.



Arbeidet blir utført av våre kommunale tilsynsmenn, brødrene Arild og Egil Ognøy. Her platar dei landbruks/næringskonsulent-kontoret, rett ved sida av banken.

Foto: JH



LABB OG LINE
SPAREKLUBB

**Barna trenger en skikkelig
sparingspartner**

Høyere rente. Tilbud om gunstig barneforsikring.
Fødselsdagshilsen fra Labb og Line. Eget medlemskort og
klubbmateriell. Ta kontakt!

SpareBank 1 SR-Bank
BOKN



Bli med på Tusenårsmarkeringa – din einaste sjanse!

Som andre kommunar i landet vil Bokn markera at me går inn i år 2000. Korleis Bokn vil feira denne historiske hendinga kan du lesa om i Bygdabladet gjennom heile 1999, under ein fast logo frå NORGE 2000

av Jardar Havikbotn

Tusenårsmarkeringa er mykje meir enn tusenårshelga. Det dreier seg om perioden 1999 – 2005, kor det siste talet sjølv sagt er p.g.a. 100 års-jubiléet for unionsoppløysinga i 1905. Kommunane i landet blir oppfordra til å foreta eit kulturelt løft i denne perioden, med å setja fellesskap og samarbeid i fokus – og alle boknarar kan bidra med forslag og tiltak. Tusenårsmarkeringa skal forhåpentlegvis bidra til å skapa eit betre og meir variert lokalmiljø, ein prosess som skal forsetja også etter at me har passert kl. 24.00 fredag 31.12.99.

BOKN KOMMUNE 150 ÅR

I tillegg til at me kan skriva år 2000 er også Bokn kommune 150 år neste år, et prosjekt som vil bli planlagt samtidig som Tusenårsmarkeringa. Det første formannskapsmøtet i Bokn blei avvikla 18. mars 1850. Og det er nettopp formannskapet som er Tusenårskomite, med underteikna som sekretær. Soknerådet har utnemnt to representantar til å vera med på prosjektet.

Markeringsa er delt i tre hovudsatsningsområde. Det er **Tusenårshelga, Tusenårspllass og Tusenårsprosjekt.**

TUSENÅRSHELGA

Denne helga går over tre dagar, fredag 31.12.99, laurdag 01.01.00 og sundag 02.01.00. Målet er då at me i fellesskap skal samlast ute og inne nyttårsaftan, til ein verdig og festleg markering, der ingen fell utafor og alle er gjester.

Tankar og idéar frå første møtet i komitéen gjekk ikkje overraskande ut på at Boknafjellet og skulen står i fokus. Eit stort, felles fyrværkeri, kanskje til kr. 100.000,- og kor boknarar kan gå inn og kjøpa andeler, og som m.a. lagar seks sølvfarga kuler på himmelen i vardeform og som dalar sakte ned i fallskjermar, må stå i sentrum. Kanskje lagar me eit gigantisk bål oppe på fjellet, eit bål som kanskje er i nærleiken av ein stor utsiktsskikkert, som ein kan sjå heilt til Bjerkreim i sør til Hardanger i nord med, og lenger enn det. På andre sida av bålet står kanskje ein svær, nyoppmurt varde. Kanskjegår me i fakkeltog ned frå fjellet, enkelte går også heilt til skulen, som er open.

Det skal nedsetjast ein eigen festkomité for nyttårsaftan, men lesarar med gode tips kan senda eller ringa dei til underteikna eller andre medlemmer av tusenårskomitéen.

1. nyttårsdag er dagen då grunnsteinen for ei ny tid skal leggast ned: kommunen sin tusenårspllass!

2. nyttårsdag skal, som regjeringa formulerer det, vera

"preget av internasjonal solidaritet og felles opplevelser". I Bokn er allerede ballen spela over til Soknerådet.

TUSENÅRSPLASS

Ein slik plass skal vera **ein stad der det er naturleg å stoppa opp for ein drøs, der ein kan sitja ned og born leika, - ein stad som fungerar både som ein festplass og ein samlingsstad.** Ordninga med tusenårsplassar vil bli administrert av Fylkeskommunen, og minstebeløpet pr. kommune er foreslått til kr. 200.000,- Tusenårsplassen skal veljast i vår, og boknarane skal sjølv sagt i fellesskap velja denne plassen. Akkurat som dei tidlegare prosjekta om Kulturminnestafetten og Kommuneblom inviterer med til ope folkeavrøysting. Men først litt om tusenårsprosjekt.

TUSENÅRSPROSJEKT

Her har Stortinget bevilga utallige millionar, og det er ikkje berre offentlege instansar som kan søkja om tilskot til slike prosjekt. Det kan også organisasjoner, institusjonar, og enkeltpersonar. Interesserte kan ta kontakt med kulturokontoret for m.a. eige søknadsskjema. Det er Norge 2000 AS som avgjer søknadene, og det blir operert med fleire søknadsfristar. Det neste er 01.05.99, så vil det vera årlege søknadsrundar fram til år 2003.

Det heiter at prosjektprogramma skal bidra til å tydeleggjera visjonane og verdigrunnlaget til tusenårsmarkeringa og stimulera til kreativitet – på tvers av etniske og kulturelle grenser. Prosjekta er inndelte i sju programområde, formulert som mål for tusenårsmarkeringa:

- Barn og ungdom
- Historiske og kulturelle minne
- Fleirkulturelt fellesskap – internasjonalisering
- Ny kunst, arkitektur, design og estetikk
- Teknologi, utdanning og forskning
- Verdi- og holdningsendring – miljøbevissthet
- Hundreårsjubiléet for unionsoppløysinga 1905 – 2005

Det blir lagt vekt på god geografisk og tematisk spredning, og ein dokumentert plan for gjennomføring, organisering og finansiering.

TUSENÅRSPLASS I BOKN?

Det blir høve til å røysta på denne plassen på biblioteket i veke 7 og 8 – med siste frist 1. mars. Resultatet vil stå i marsutgåva av Bygdabladet.

Du kan også senda eller levera røysteseddelen på denne sida til kulturkontoret. Det ligg røysteseddel ved urna på biblioteket for dei som ikkje vil klippa i bladet.
Alle

NORE VÅGAHOLMEN OG HUMMAR PARKEN

Ein viktig eksportstad for hummar og laks sidan 1600-talet, ein av landets eldste hummarparkar truleg frå 1830-åra, hamn og tufter etter ein stor hovudbygning der det også blei drive handel.

KLEPP PÅ LODEN

Med eit stort festningsanlegg frå krigen. Stor- slagen utsikt over Boknafjorden og ut mot Nordsjøen.

SUNNALANDSSTRAUMEN

Idyll med kanal frå 1870-åra. Vald til kulturminne for Bokn i kulturminneåret.

ALVESTADKROGJEN

Sørlandsby i miniatyr. Ein liten tettstad og hamn med røter tilbake til 1600-talet.

boknarar kan leggja ein seddel oppi urna.

Her kjem nokre ord om tusenårskomiteen sine forslag, skrivne av Birger Lindanger:

KVEDNABEKKEN

I skiftet mellom Sæbø og Alvestad rett ovanom staden der sykkel- og gangstien kryssar bekken. Det er tankar om å laga eit lite parkanlegg med attbygd kvernhus og bygdemuseum. Ligg lagleg til mellom Føresvik og Alvestadkrogjen.

LAUPLAND

Området mellom røykstova og Lauplandsvågen. Eit område spekka med kulturmunne: Røykstova, Haugalandets eldste trehus, kårstova frå 1740-åra, kvern ved bekken ovanom Lauplandsvågen, 1500 år gammal skipsnausttuft, kjølhalingssstad frå 1800-talet, gravhau- gar, eldgammal husmannsstove m/grue på La- berget, osb.

EIGE FORSLAG

Det er sjølv sagt rom for ditt eige forslag, gjerne med nokre ord om kvifor du foreslår akkurat den plassen.

klipp ut

Set kryss

NORE VÅGAHOLMEN OG HUMMAR PARKEN

KLEPP PÅ LODEN

SUNNALANDSSTRAUMEN

ALVESTADKROGJEN

KVEDNABEKKEN

LAUPLAND

EIGE FORSLAG



10. KL. PÅ KLASSETUR TIL LONDON 11.- 15. JANUAR

Tekst: Ellen Elise Ognøy og Cecilie Larsen

Etter lang tid med sparing og forventninger, var avreisedagen endelig der. Vi gledet oss veldig og lurte på hvordan denne turen ville bli. Mange hadde ikke flydd før, så det var nok en del sommerfugler ute og fløy..., men det gikk greit. Det var en livlig flytur med en masse latter og tull og vas. Etter bare 1 $\frac{1}{2}$ time landet vi på Heathrow, og der ifra tok vi undergrunnsbanen til Holland Park, altså der vi skulle bo.

Men vi kom oss ikke der uten problemer på veien, underveis var det en del forvirring med bagasje og mye folk da vi skulle skifte tog. Blant annet mistet vi Elise Marie av lasset, mens Solveig var helt hysterisk og prøvde febrilsk og bryte opp døren, så sto Elise Marie igjen alene og lo. Hun kom seg på det neste toget, som kom et par minutter etterpå.

Etter å ha speidet lenge etter KFUK Huset, som lå i et av London's "sosse" strøk, var vi endelig der. Vi var trøtte i både armer og ben, etter den lange turen, og det ble ikke bedre da vi fikk vite at vi skulle bo på toppen av huset... et hus uten heis! KFUK Huset er et hus der bl.a. norske studenter bor.

Vi begynte vår "oppdagelsesferd" i London med å ta oss en tur til Hard Rock Cafe, stemningen var på topp og maten var god, selv om noen fikk halsbrann av de veldig sterkt krydrete kyllingvingene.



Gjengen samlet utenfor KFUK-huset, foran fv. Jorunn Synnøve Simonsen, Ellen Elise Ognøy, Elise Marie Tollaksen, Kirstin Ho-saas og Cecilie Larsen. I midten fv. Nina Alvestad, Hanna Aksdal, Tor Inge Sæbø og Susanne Grønnestad. Bak fv. Wenche Jøsang, Solveig Våga og Inge Birkeland.

Foto: Elin Thor-




Elise Marie og Kirstin på Hard Rock Cafe.

Foto: Cecilie Larsen

Neste dag var vi i Camden Garden hvor vi egentlig skulle handle, men noen likte ikke utvalget og bestemte seg i stedet for å bli kvitt stempelet som tyskere. Med elghorn på hodet og norske flagg i kinnene ble de midtpunktet for en god del nysgjerrighet, og de fikk snakket mye engelsk.

Senere var vi på Madame Tussaud's, og vi møtte en del interessante personer, mesteparten i voks... Men de fleste av jentene var skuffet over at Leonardo DiCaprio var under produksjon. Vi var også på London Planetarium, hvor vi fikk oss en tur ut i universet, ganske spennende for noen...

Etter en del diskusjoner for å få lærerne til å gå med på å ikke sitte inne hele kvelden, gikk de med på å ta turen



Cecilie, Ellen Elise, Elise Marie og Kirstin med elghorn på hodet.

Foto: Solveig Våga

til Planet Hollywood. Vi var bare og så hvordan det så ut der inne. På veien til Planet Hollywood ble vi tegnet av lokale tegnere.

Onsdagen var den dagen vi skulle på teateret og se Les Misérablès, men om dagen tok vi turen til The Tower of London, der vi blant annet så kronjuvelene. Vi ble med en del folk og en guide som fortalte oTower's historie, men da Susanne fikk "hekkeskudd" måtte vi bryte av.

Etterpå var vi på The London Dungeon, det var en skremmende opplevelse. Der ble vi dømt til døden og fikk oss en tur på "The River of Death", som de kalte turen til henrettelsesplassen.

Da vi kom ut av The London Dungeon var de fleste ganske hese i halsen, etter all hylingen...

Les Misérablès var helt fantastisk, og vi fikk et bedre innblikk i hvordan historien var, i forhold til hva vi hadde lest på skolen før turen.



Et av Londons kjennetegn.

Foto: Cecilie Larsen

På torsdag skulle vi finne det vi ikke hadde fått handlet på tirsdagen, og vi fikk øye på Piccadilly Circus. Men utvalget av klær var skuffende, så vi endte opp med en masse tøffe glass og småting, som vi allerede hadde kjøpt en masse av fra før...

I St. Pauls Katedralen gikk vi alle de 530 trappe trinnene opp til toppen for å se utover London. Noen fikk et snev av høydeskrek, men det gikk over. I katedralen var det nydelig, med en masse flotte malerier og utskjæringer. Vi besøkte Buckingham Palace, men vaktskiftet var utsatt, det var skuffende. Men vi fikk da sett slottet og slottsparken.

Siden dette var den siste kvelden vi var i London, bestemte vi oss for å gå ut og spise. Vi fant en pizzarestaurant. Etter en del "klabb og babb" om hvem som skulle betale, fikk vi endelig de pizzaene vi hadde bestilt. Vi avsluttet kvelden med et besøk på Sega World, der det heldigvis ikke var noen som fikk spillegalskap, mest på grunn av pengemangel.

Etter og ha hoppet på koffertene og stresset lenge med pakkingen, hadde vi endelig fått alt på plass, selv om det ble veldig mye håndbagasje. Vi var stuprøtte og sovnet fort, da vi endelig kom oss i seng. Men allerde klokka 6:30 var det påan igjen. Skuffende var det at taxiene ikke var de kjente London taxiene, fordi vi hadde bestilt fra et privat taxibyrå. Men vi kom oss da til Heathrow. Innsjekkinga gikk greit og etterpå brukte vi opp det vi hadde igjen av pund.

Flyet gikk klokka 10:30 (engelsk tid) og vi kom til Sola flyplass ca klokka 12:00. Og da skrudde vi klokken tilbake til norsk tid (1 time fram).

By-til-by bussen kom og stemningen var litt laber etter hvert som vi nærmet oss Bokn.

Men det var da også godt å komme hjem igjen, til bl.a vanlig mat, ettersom vi nesten hadde "bodd" på Mc Donald's denne uken.

Vi lærte mye og fikk oppleve det vi bare hadde hørt om og sett på, på bilder. Denne turen var kjempekjekk, vi har fått et minne for livet, og håper andre vil gjøre det samme som oss...

ÅRSMØTE I BOKN IDRETSLAG

av Marit Elin Våge

Onsdag 13/1-99 kl. 19.00 var det årsmøte i Bokn idrettslag på Allrommet. Det var ikkje så stort opp-møte, 7 vaksne, 5 ungdommar og 4 frå styret. Veret får ta ein stor del av skylda for at ikkje fleire kom.

Steeven Høyland las årsmeldinga for 1998.

For fotball i aldersbestemte klassar hadde BIL 3 lag.

* Mini Mix 8 – 10 år, trenar Pål Askvig og oppmann var Gerd Thuestad som trekte seg, og Åse Vatnaland og Helge Kristian Nilssen tok over.

* Lillegutt 11 – 12 år – trenar Bjørnar Bryningsland m. fleire og oppmann Olav Alvestad.

* Smågutt 13 – 14 år – trenar Alf Åge Alvestad og Arild Nilssen – oppmann Arne Hosaas.

A-laget – trenar Odd Magne Olaussen og oppmann Alf Åge Alvestad.

A-laget spelte i 6. div. i 1998 og det gjer dei også i 1999.

Dei har fått ny trenar som er Roy Tjøsvoll. Han har i haust gått på trenar B-kurs og han var svært fornøgd med kurset. Styret ynskjer han lukke til med trenarjobben, og vi trur at A-laget vil dra nytte av dette. Skulle gjerne ynskja at fleire tok trenarutdanning.

Volleyballtreningsa har Svein Olaussen stått for.

”Vårsprett” var den 3/5-98, og den gjekk me på Austre Bokn. Det var liten deltaking, kun 26 stykker. 4-bruersløpet var 28/6. På halvmaraton starta 26 stykker og her vann Erlend Kveinen på tida 1t, 16 min. og 51 sek.

På 10 km var det 21 stykker som starta, og her vann Tor Arne Dommersnes på tida 36 min. og 33 sek. På 5 km marsj starta 210 stykker.

Me fekk ikkje noko stort overskot etter 4-bruersløpet. Det var dårleg ver og me fekk ikkje selt noko laks med salat, brus, is, o.l. Det var ein del utgifter, berre medaljen kom på kr. 12.000,-.

Kommunen sponsa oss med annonser til Haugesunds Avis og Stavanger Aftenblad.

Gartnerhallem sponsa med ein del kinakål, agurk og paprika til salat og bananer til deltakarane.

Me hadde 3 dansar. Simon og Gardsguten 21/2 på skulen. Dans på ”Sjøhuset” med Harald Dyb 15/8 og Irsk aften på ”Sjøhuset” 10/10.

Det var 3 bingoar – 18/3, 23/9 og 4/11.

Arne Hosaas las opp rekneskapet og styret lurte på om kontingenenten skulle setjast høgare. Det er mange år sidan den er justert. Deltakarane på årsmøtet var samde om at kontingenenten var for billeg og godt kunne bli høgare.

Me gjekk inn for at A-lagsspelerar skal betale kr. 350,- for 250,-.

Aktive medlemmer	skal betale	kr. 150,-	før 100,-
Passive blir som før		kr. 50,-	
Familie blir som før		kr. 300,-	

Det ser ikkje så bra ut for Bokn IL i 1999 med tanke på lag for dei aldersbestemte klassane. Det ser ut til at me berre får til eitt lag og det er Mini Mix 8 – 10 år. Dette laget vil bli trenta av Kjetil Hamre. Til lillegutt-lag og smågutt-lag har me ikkje nok spelarar. Dei som har lyst til å fortsetje å trenere har fått tilbod om å trenere med Falkeid IL. Alle er hjerteleg velkomne. Håpar at me snart har nok spelarar til eigne lag.

Det blei informert litt om klubbhuset og banen. Me har fått venterommet på kaien til klubhuset, og me har sett inn alle tinga våre der. Planen er å flytta dette huset opp på tomta me har. Den ligg ved parkeringsplassen på Bokn skule. Det tar litt tid p.g.a. nye lover og mykje papirarbeid. Men huset blir flytta så snart som mogleg i samarbeid med Bokn kommune og Bokn Handelsslag. Grasbanen er forbetra og i fin stand. Det eine nye målet er sett opp og det andre kjem nok snart opp det også.

På valg i år står Jan Kristian Jøsang og Marit Elin Våge. Steeven Høyland trekker seg etter 1 år. Dei tre nye som kjem inn er Trond Foss, Olav Alvestad og Ingjerd Thuestad.

Det nye styret ser slik ut:

Arthur Trosnavåg - formann
Svein Ove Alvestad
Bjørn Eirik Gundersen
Arne Hosaas
Trond Foss
Olav Alvestad
Ingjerd Thuestad

Det tre som gjekk ut av styret fekk kvar sin blomsterbukett. Åse Vatnaland fekk ein bukett for jobben ho gjorde for Mini Mix. Liss Alvestad fekk blomster for vask av draktane til A-laget. Alf Åge Alvestad fekk gavekort for jobben han gjorde for Mini Mix – laget.

I november 1998 stilte nokre av A-lagsspelerane på ein dugnad på Høgskulen i Haugesund der dei fekk inn kr. 27.500. Årsmøtet stemte for at pengane går til å dekke utgifter til A-laget neste sesong.

Det blei også nemnt at det var ynskjeleg å få skur på sidelinja på grasbanen til spelarar og trenarar. Skuren kan vera ein fin plass å montere sponsor-logoar på.

A-laget lurte på om dei kunne få kontingentpengane til å dekke reiseutgiftene. Dette kunne ikkje avgjerast på årsmøtet, det er i sak for styret. Dei lurte også på kor ein kan få kjøpe billegare treningsklær. Det er 10 % avslag på MX-Sport på Raglamyr og på Aksdal.

A-laget vil også trena på Falkeidbanen. Det er inngått ein munnleg avtale med trenaren for A-laget og Falkeid. Aktuelle dagar er mandag og fredag og det er snakk om kr. 50,- pr. gong.

Det var eit spørsmål om grusbanen kan forlengast. Det kunne ikkje styret svare på då det er kommunen som eig tomta.

Det var også ynskje om å få Aerobic. Det er mange som ynskjer seg eit slikt tilbod, og det strekker seg frå heilt unge og opp til 50 – 60 år. Problemet er å få nokon til å stå for det, men ein bør prøva å få det til.

STATENS LANDBRUKSBANK - rentelån 1999 -

Statens landbruksbank er tildelt en utlånsramme over statsbudsjettet på 400 mill. kroner for 1999. Dette er en økning på 150 mill. kroner sammenliknet med 1998. Utlånsramma skal disponeres til investeringer både innen tradisjonelt landbruk og alternative tilleggsnæringer. Det skal legges vekt på tiltak som styrker ikestilling og rekruttering.

Låneramma til tradisjonelt landbruk og alternative tilleggsnæringer er fordelt til fylkene for behandling der. Slike søknader skal derfor sendes dit.

Søknader til boligformål sendes vedkommende avdelingskontor eller hovedkontoret i Statens landbruksbank. Vi vil understreke at det er lån til gårder som drives aktivt, som vil bli prioritert. For likestilling og rekruttering/kjøp og overdragelse, skal også søknadene sendes til Statens landbruksbank. Her vil søkerne fra kvinner som skal overta gårder for aktiv bruk bli gitt priorititet. Men det vil også bli lagt vekt på rekrutteringsperspektivet og at overdragelsen skal iverksettes umiddelbart eller i umiddelbar fremtid.

Banken vil gi en frist for låntaker på 6 måneder fra bevigningsdato for å heve lånet.

Første halvår 1999 er den nominelle renta for nye lån i Statens landbruksbank:

- Fastrente 5,8 % , når avtalen inngås 1. halvår.
- Flytende rente 6,7 % i 1. kvartal og 8,1 i 2. kvartal.

Statens landbruksbanks avdelinger og hovedkontor bidrar gjerne med ytterligere opplysninger. Vi oppfordrer til at det på et tidlig stadium tas kontakt med banken om lånemulighetene, for å unngå at det legges arbeid i søknader som ikke kan føre fram.

Styret vil takke sine medlemmer og alle dei som har stått på for oss i tide og utide. Det har vore mange utfordringar i 1998, og det kjem garantert til å bli like mange i 1999.

Eg håpar og trur at me skal klare å få opp medlemstallet som i dag er 132, og samstundes som me kanskje må tenke litt framover med omsyn til kva me ynskjer at ungane her på Bokn skal få vere med på i framtida. Det er nemleg slik at rekrutteringa framover vil bli "vanskeleg", og at me kanskje derfor må tenke litt annleis enn kva me har gjort til dags dato.

Flere tester røykvarsleren – færre omkommer i branner.

Nesten alle norske husstander har en eller flere røykvarsler. Undersøkelser gjennomført av Direktoratet for brann- og eksplosjonsvern, Norsk Brannvern Forening og Gjensidige Forsikring viser en dekning i vanlige boliger på hele 98 %. Ingen andre land kan framvise tilsvarende.

Samtidig med at det siste år var en markant nedgang i antall branndøde her i landet, er det registrert at nordmenn er blitt mer aktive når det gjelder skifting av batterier og testing av røykvarsler.

Mens det de siste 20 årene har vært 65 omkomne i brann hvert år, viser foreløpig statistikk ca 50 branndøde i fjor. Det var i 1998 færre boligbranner, nedgang i antall industribranner og mindre materielle tap som følge av branner.



I forbindelse med fjarårets røykvarslerkampanje og røykvarslerdagen 31. januar var det 74 % som testet eller byttet batteri i røykvarsleren og 42 som gjorde begge deler.

Det anbefales testing hver måned og batteribytte en gang hvert år, med mindre man har røykvarslerbatteri med 10 års varighet tilkoplet det elektriske nettet i boligen.

Det var i 1990 at det kom påbud om røykvarsler og slokkeutstyr i alle norske hjem og fritidsboliger. Hvor mange som har reddet livet takket være dette påbuddet, har man ikke statistisk grunnlag for å fastslå. I følge Norges branntekniske laboratorium ved SINTEF i Trondheim ville antall branndøde hvert år ha vært betydelig høyere – muligens henimot dobbelt, om ikke påbuddet hadde kommet.

Sikkerheten økes ved å montere flere røykvarsler i hver boenhet og at disse sammenkoples. Enda bedre ville det være med røykvarsler tilkoplet det elektriske nettet i boligen. Slike varsler vil med større sikkerhet virke ved en brann enn vanlige batteridrevne røykvarsler.

For personer med nedsatt hørsel vil det elles være en stor fordel å få installert røykvarsler med lav-frekvent varslingstone, som av mange oppfattes lettere.



Tekst & foto: Dag Halvorsen

IT-KURSA HAR STARTA PÅ BOKN SKULE

Interessa for It-kursa på skulen har vore stor. Førebels er det påmeldt ca 30 ”ferskingar” til kurs, og første pulje slapp til på skulen torsdag 28. januar. Alt utstyret er ikkje på plass / finansiert enno, men med improvisasjon og lån fekk alle sin eigen maskin første kurskvelden.

Skal ein tru bildet var det ein svært vellukka kveld med glede over tiltaket både hos IT-læraren Åse og ”IT-ferskingane”

Det er ikkje for seint å melde interesse, og dei som står på venteliste vil få tilbod etterkvart som me startar nye kurs.

Fv. Solfrid Kro, Grete Kro, Laila Aksdal, Eva Aksdal, Elly Borgenvik, lærar Åse Bratthammer, Åse Helen Alvestad, Oddrun H. Nilssen, Astrid Øvrebo, Frank Koroliussen, Venke Grønnestad, Kari Øvrebo. June Kro og Eivind Øvrebo kom ikkje med på bildet.



BOKN SKULE OG KLASSETURAR

I desember hadde Bokn Bygdablad eit lesarinnlegg om korleis klasseturar blir arrangert ved Bokn skule. Innlegget var fargerikt og ei grei meiningsytring som skulen tek til orientering. Sidan innlegget har stått i Bygdabladet, og er lest av mange, finn eg det rett å kome med litt utfyllande opplysningar.

Skulestyret vedtok i 1993 retningslinjer for klasseturar ved Bokn skule. Retningslinjene omfattar kortare turar, leirskule og lengre turar. Leirskule og kortare turar er som regel turar som inngår i det faste undervisningsopplegget, og som skulen dekkjer utgiftene til.

Når det gjeld lengre turar står det i retningslinjene: Dersom nokon klasse/gruppe, som ledd i undervisninga, ønskjer lenger tur/utanlandstur, må ein ha førebels godkjenning av turen før sparing/planarbeid startar. Godkjenning av utanlandsturar blir gitt av skulestyret, elles av samarbeidsutvalet. Utgifter til slike turar vil normalt ikkje bli dekka av skulen/kommunen.

Det har vist seg at dei fleste klassane (elevane) ønskjer

ein lenger tur siste skuleåret, og mange har valt å reise utanlands. Dette blir drøfta med foreldra på foreldre-møte, og det er foreldra som avgjer om det skal søkjast om godkjenning av ein slik tur.

Dei fleste sparar god tid i førevegen, og mange klassar har opp gjennom åra hatt felles tiltak for å tene pengar, slik som 10. klasse i år gjorde.

Det er rett at avgangsklassen i 1994 ikkje hadde langtur. Så vidt eg hugsar hadde desse elevane tilbod om jubileumstur for korps og landsleir som speidarar då dei var avgangselever, slik at foreldra kom til at nok er nok.

Lærarane har til no gjort det dei kan for å kunne stå til disposisjon som reiseleiaraar for avgangsklassane på langturar. Dei har frivillig teke på seg eit stort ansvar, og dei fortener honnør for den måten dei står på for at elevane skal ha det kjekt og få med seg spanande og lærerike opplevingar i lag. For dei, som for reiseleiaraar i andre samanhengar, er det turdeltakarane som betaler reiseutgiftene.

Sjølvsagt hadde det vore fint om skulen hadde langtur i avgangssåret som ein del av sitt faste opplegg, og betalte alle utgiftene. Men skulestyret avgjorde dengong at det ikkje var aktuelt. Foreldra/elevane har ut frå det vedtaket valet mellom å betale sjølv eller la vere å reise. Ein kan vere usamd i dette og arbeide politisk for



Som det stod skrive i desemberutgåva av Bygdabladet i fjor, blei lokalmønstringa i UKM dette skuleåret avlyst p.g.a. laber interesse. Daghild Grønestad var den einaste som hadde meldt seg på saman med venninna Laila Sivertsen frå Stavanger.

P.g.a. samarbeidet mellom kommunane i Nord-Rogaland er det ikkje problem at Bokn går saman med ein annan kommune, men så var det dette med kjenslene for sin eigen kommune, då.

Ei dalande interesse for UKM er ikkje spesielt for Bokn, men ho er sterkt merkbar i ein liten kommune. Men tendensen synest klar; det meste skal vera så kult og enkelt i dag. I Haugesund blei ungdommane som var med nærest kalt "giddalause", for der var det nesten berre miming etter CD på lokal mønstring denne gong. Det er ein kunst å mima korrekt, men det blir for enkelt og kjedelig når dei fleste berre står og gapar og vrikker på seg.

Er ungdommane i Bokn "giddalause" og berre vil ha alt i hendene? Det tar eg ikkje stilling til her, men berre nemna at Daghild var inne på det same i telefonsamtalen etter UKM i Tysvær 31. januar. Ho beklaga at ho måtte til Tysvær for å delta i lokal mønstring, men så gjekk det til gjengjeld svært bra. Daghild, som no går på musikklinja i Sandnes, blei saman med Laila Sivertsen plukka ut til å representera Tysvær i fylkesmønstringa på Sola 20. og 21. februar! Den scenevante 17. åringen meistra 40 i feber og framførte balladen "Fogløngen" - skrive av ei anna Stavanger-venninne, Elisabeth Fjermestad – så bra at den ungdommelige juryen valgte å senda innslaget vidare. Daghild spelte flygel og song medan Laila berre song, og dei hadde arrangert innslaget sjølv.

Daghild er også blant dei som meiner at Bokn snarast muleg må få fritidsleiar igjen. For å få opp igjen ymse aktivitetar og prosjekt som t.d. UKM og ungdomslag/diskotek må det vera ein person som organiserer det. Kvifor skal ikkje Bokn ha kommunal fritids-/ungdoms-leiar når andre kommunar har det?

Lukke til i Sola Kulturhus!

- redaktøren -

å auke kommunen sitt tilskott til dekning av reiser for skuleelevane. Men ein må vere klar over at Bokn i dag truleg gir større tilskott til elevreiser/ leirskule enn dei fleste andre kommunar.

Dag Halvorsen
rektor

EUROPIPE II

Odd R. Gresslien informerer pr. 05.02.99

Europipe II-prosjektet har nå gått inn i sluttfasen for de fysiske arbeider i og med at rørinstallasjon i tunnelen under E-39 er startet, alle rørseksjoner snart er lagt ned i grøftene både på Austre og Vestre Bokn, samt at tilbakefylling av grøftene er godt igang.

Videre er inntrekkingen av sjørøret i Viervika og tilbakefylling av sjøgrøfta der avsluttet, mens tilbakefylling av sjøgrøfta i Trosnavåg pågår.

Etter tilbakefylling vil rengjøring og trykktesting av rørene finne sted før de forskjellige rørsegmentene skjøtes sammen til et sammenhengende rør fra Viervika til Trosnavåg.

Europipe II Landrør gjennom Bokn kommune er et unikt rørprosjekt i verdenssammenheng på grunn av sine dimensjoner. Aldri tidligere er landrør med slike veggtykkelser og diameter, og dermed tyngder, blitt lagt i verden. Dette har vært hovedutfordringen for Europipe II Landrør, både med hensyn til transport, løfting og sikkerhet, og sveising. Frem til i dag har prosjektet forløpt uten skadefravær av noen art etter at det er nedlagt ca. 350 000 arbeids-timer. Dette er et godt resultat som vi bestreber oss på å oppnå også i fortsettelsen av prosjektet.

Samtidig som anleggsvirksomheten i Bokn kommune gradvis vil trappes ned utover våren, trapper vi opp virksomheten på Åsgard Transport Landrør-prosjektet. Der arbeides det i alle områder mellom Kalstø på Karmøy og Kårvstø, og fremdriften av arbeidene er tilfredsstillende.

Ikke skadefravær av noen art etter at det er nedlagt ca. 350 000 arbeidstimer.



FINT BESØK I BOKN

Tekst & foto: Stein Alendal

Hvert år har regionen Haugalandet møte med stortingsrepresentantene fra Rogaland.

Dette året var møtet lagt til Sjøhuset i Alvestadkroken fredag den 5 februar. Møtet varte hele dagen, men ble dessverre på grunn av uværet noe forsinket.

For stortingsrepresentantene var det nok en overgang fra bespisning i det nyoppussede slottet til møte og bespisning i Alvestadkroken.

Imidlertid var tilbakemeldingene at miljø og ramme rundt møtet ble satt stor pris på. Mange var i Bokn for første gang.

Fra regionen møter næringslivstopper, organisasjoner, fra kommunene ordførere og rådmenn samt massemedia. Til sammen møtte opp mot 70 personer. Det ble servert fiskesuppe og havmatstallerken.

Vår ordfører ønsket velkommen til Bokn, og gav et kort

KULTURKALENDER VÅR 1999

Denne er sendt alle husstandane i Bokn, aviser, radio, TV, og andre som kan ha interesse.

Denne gong blei kalenderen forsinka av fleire grunner; ein del avklaringar omkring gymsalttimeplanen etter kl. 14.00, venting på kommunevåpen på fil og trykkepapir.

Eg vil minna om rutinene rundt leige av gymsalen utanom den faste timeplanen, ver vennleg å ta kontakt med kulturkontoret for å unngå krasj og konflikt-situasjonar.

Andre interesserte leserar som ynskjer kalenderen tilsendt kan ta kontakt med kulturkontoret.

innblikk i vår utvikling.

Møtet innleddet med innlegg fra næringslivet i regionen der spesielt adm.dir i UMO pekte på nedgangen i orderrereserver og de konsekvenser dette ville få for regionale leverandører.

Videre var det innlegg om gasskraftverk, der en fra Statoil viste til løsninger for å kunne komme videre. Hydros planlagte gasskraftverk virker mer usikkert på grunn av kostnadene.

Et av de store hinderne var at SFT satte krav til rensing som medførte bruk av teknologi en i dag ikke har. Vegsjefen i

Rogaland pekte på at gode veier er god distriktpolitikk.

Avslutningsvis orienterte stortingsrepresentant Steensnæs fra Stortinget.

FERIE!!

Ferie er fri, fri frå skulen.

Ferie er fri frå lekser.

Ferie er spenning.

Ferie er å dra på tur.

Ferie er god mat.

Ferie er å være ute, lese og se tv.

Ferie er å dra til byen.

Ferie er også å vere med venner.

Cathrine V. Ø.